
Vår referanse 2020/78026-6
Dato 16.02.2021

Nye Sogndal kommune
Postboks 153
6851 Sogndal

Uttale vedrørende dispensasjonssøknad - reguleringsplan – gnr. 388 bnr. 1 - Sogndal kommune

I samråd med fageininga geo og skred har vi følgjande uttale.

For vestre del av planlagt skjering ligg dagens veg på ei bratt steinfylling. Det er teikn til setningar i vegen.

Vi føreset at tiltaket ikkje svekkar foten til vegfyllinga ytterlegare. Om det er lausmassar på topp av planlagt bergskjering vil tiltaket kunne slå nærare vegen og vegfyllinga enn det som er teikna. Før berg sprengast ut må derfor toppskjering settast ut i felt for å vurdere avstand til vegfyllinga, samt at djupne til berget må avdekkast bak toppskjering. Om tiltaket kan påverka vegfyllinga må det utførast tiltak som sikrar vegfyllinga, eller skjeringa må flyttast fram. Ein må også vurdere om foten til vegfyllinga ligg slik til at det er fare for at den glir på sva ved uttak av berget og lausmassar under. Ved tvil om tiltaket kan påverke vegfyllinga, eller prosjektering av tiltak, skal det nyttast fagkyndig kompetanse (geoteknikar). Topp av skjering må også sikrast for nedfall/sig i lausmassane.

For sprenging nærast vegen føreset vi også at det sprengast forsiktig, og/eller at det gjerast andre tiltak slik at ein ikkje får bakbrytning bak teoretisk profil.

Dispensasjonssøknad frå byggegrense er per dags dato ikkje motteken. Ved mottak av søknad vil den bli handsama snarast råd.

Med helsing

Ann Kristin Nes
leiar

Reimund Breisnes Loven
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift